



Lag/organisasjonar

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1383 - 14/9706

Saksbehandlar:
Eileen M Feste
EMF@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2014

Angående søknad om kulturmidlar 2014

I samband med årets tildeling av kulturmidlar, har vi diverre fått nokre tekniske problem i samband med innføring av nytt saksbehandlingssystem i kommunen. Vi mistenkjer at fleire søknader **kan** ha blitt borte. I dagane før påske vart difor sett inn ekstra ressursar for å sjå om problemet kunne løysast, men vi konstaterar at vi må ta ein grundigare gjennomgang for å være heilt sikker på at alle som har sendt søknad om kulturmidlar, er med.

Vi har laga ei liste over alle søknader vi har motteke. Vi ber om at de ser gjennom listene for å sjå om ditt lag står oppført. Står søknaden din på lista, har vi registrert den. Om du **ikkje** finn søknaden(e) dine på lista, ber vi om at du søkjar på nytt.

NY FRIST FOR Å SØKJE KULTURMIDLER ER 11. MAI 2014

Det er set opp ekstraordinært møte 17. juni der Levekårsutvalet vil behandle søknadene. Deretter vil midlane gå til utbetaling medio juni.

Vi gjer samstundes merksam på at Levekårsutvalet har vedteke nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar (sak 08/14). I retningslinjene går det tydeleg fram at søknader om kulturmidlar **SKAL** innhalda følgjande vedlegg;

Søknad om **driftstilskott skal** innhalda:

- Årsrapport, gjeld ikkje nystarta organisasjonar.
- Ein samanfatta revidert rekneskap der administrasjonsutgifter er spesifiserte, gjeld ikkje nystarta organisasjonar.
- Handlingsplan og budsjett for komande års aktivitetar, gjeld også nystarta organisasjonar.
- Medlemsoversikt, gjeld også nystarta organisasjonar.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Søknad om **aktivitets- og prosjekttilskot skal** innhalda;

- ei skildring av tiltaket/prosjektet
- budsjettforslag
- finansieringsplan

Søknad om tilskot til **drift/investeringar i bygg/anlegg og utstyr skal** innhalda;

- oversikt over organisasjonen sin aktivitet
- grunngjeving for investeringar/kjøp av utstyr
- siste års rekneskap
- budsjett
- finansieringsplan

I vedlagte oversikt finn du eventuelle manglar ved søknaden de har sendt. **Frist for å levere manglande opplysningar vert sett til 11. mai.** Om ikkje søknaden er fullstending, vil det kunne påverke tildeling til laget.

Vi beklagar på det sterkaste eventuell ekstraarbeid dette førar med seg, men det er viktig at alle som har søkt om kulturmidlar, faktisk kommer med i tildelinga.

Elektroniske søknadskjema for kulturmidlar samt gjeldande retningslina finn du på www.lindas.kommune.no

Med helsing

Eileen M Feste
Kulturkonsulent

Lag/organisasjonar